


# Handsaming av klager

Nettmøte produksjonstilskot



Statsforvaltaren i Vestland



10.04.2025



# Oversikt over reglane om handsaming av klager

- Forvaltningslova
  - Forvaltningslova kapittel VI om klage og omgjering
  - Når ikkje anna er sagt i lova, gjeld og kapittel IV og V, jf. § 33 første ledd
    - Kapittel IV om saksførebuing
    - Kapittel V om vedtaket
- Rundskriv 2025/11 - Produksjonstilskudd og avløsertilskudd – forvaltningsansvar og saksbehandling
  - [10. Klager og omgjøring av vedtak uten klage – Landbruksdirektoratet](#)



# Kven kan klage?

- Forvaltningslova § 28 første ledd
- Part
  - Den som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles gjeld direkte
    - § 2 første ledd bokstav e
    - Produksjonstilskot
      - Den som har søkt
- Klageinteresse
  - Er klagaren si tilknytning til saka slik art og styrke at det er rimeleg at ho/han får prøvd vedtaket?
  - Har vedtaket faktiske og rettslege verknader for den som klagar?



# Klagefristar og oppreisning for oversitting av fristen

- **Klagefrist - forvaltningslova § 29**
  - 3 veker frå vedtaket kom fram til parten, jf. § 29 første ledd
  - For den som ikkje har mottatt underretning om vedtaket, jf. § 29 andre ledd
    - To situasjonar
      - 1) Vedtaket er t.d. feilsendt
      - 2) Andre enn parten (den/dei med rettsleg klageinteresse)
    - Fristen skal reknast frå han har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket
    - Viss vedtaket gir nokon ein rett (t.d. produksjonstilskot)
      - Då går fristen for andre uansett ut 3 månader etter at vedtaket blei gjort
- **Oversitting av klagefristen – forvaltningslova § 31**
  - Oppreisning
    - Klaga kan på visse vilkår få oppreisning for oversitting av klagefristen
  - Når det har gått meir enn eit år sidan vedtaket blei gjort
    - Klaga kan ikkje handsamast
    - NB! For andre enn den som har fått ein rett, går fristen ut seinast etter 3 månader, sjå over
    - Omgjering utan klage kan likevel vere aktuelt



# Krav til klaga

- Forvaltningslova § 32
  - Skriftleg
    - Munnleg viss det er bestemt at det er tillate
    - Nokre treng gjerne hjelp
  - Signatur
  - Nemne vedtaket klaga gjeld
  - Om naudsynt gi opplysningar slik at kommunen kan avgjere om klagerett og klagefrist er overhalden
  - Seie noko om kva endring ein ønskjer
    - Treng ikkje gjere gjeldande kva som er feil ved vedtaket – t.d. at det er ugyldig
  - Bør nemne klagegrunnane – Kvifor det blir klaga på vedtaket
    - Utan blir det nok rimeleg tannlaust
  - Eventuelt kort frist for retting



# Avvising av ei klage

- Når kan det vere aktuelt å avvise klaga?
  - Ikkje part eller klageinteresse
  - Det er klaga for seint
- Ei avgjerd om å avvise klaga er eit enkeltvedtak
  - Forvaltningslova § 2 tredje ledd
  - Då gjeld reglane om form i § 23, grunngjeving i §§ 24 og 25 og underretning i § 25
    - Mellom anna: skriftleg vedtak, grunngjeving og opplysningar om klagerett



# Handsaming av klaga

- God rettleiing i rundskrivet punkt 10.1.2
- Forvaltningslova § 33
  - Reglane i forvaltningslova kapittel IV og V gjeld og klagesaker, jf. § 33 første ledd
  - Mellom anna plikta til utgreiing og informasjon i § 17
    - Er saka tilstrekkeleg utgreidd?
  - Fullt medhald
  - Delvis medhald - klaga blir ikkje tatt til følgje
    - Til klageinstans



# Omgjering av eit vedtak utan klage

- Forvaltningslova § 35
  - Vilkår i første ledd
    - Endringa er ikkje til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller tilgodeser
    - Melding om vedtaket er ikkje kome fram (Etter kvart relativt upraktisk)
    - Vedtaket er ugyldig
  - Tredje ledd – omgjering til skade for parten
    - Omgjering etter tredje ledd gjeld berre klageinstansen og overordna organ
    - Gjeld ikkje kommunal, fylkeskommunal og statleg klageinstans, jf. § 35 fjerde ledd
    - Men statleg klageinstans kan oppheve ugyldige vedtak, § 35 fjerde ledd